



Til kommunane i Møre og Romsdal

v/ rådmann og ordførar

## Betre oppvekst – Kommunekartlegging

### Orientering om kartlegging av barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunane i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer med dette kommunane i Møre og Romsdal til eit felles løft for å setje barn og unge sine oppvekstvilkår på dagsordenen.

Fylkesmannen og fylkeskommunen står saman i arbeidet for gode oppvekstvilkår for alle barn og unge i Møre og Romsdal. Ein eigen samarbeidsavtale sikrar samordna innsats på tvers av fagområde og mellom ulike aktørar i vårt fylke.

I perioden 2013 – 2016 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal ei særskild satsing på barn og unge på tvers av fagavdelingane. Denne satsinga, kalla *Betre oppvekst*, rettar søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i *Fylkesplan 2013-2016* barn og unge som eitt av seks gjennomgåande perspektiv, med mål om å legge til rette for trivsel og framtidig bulyst. Barn og unge si deltaking og innverknad på eige oppvekstmiljø skal vere eit viktig kriterium i alle planar og tiltak.

**Vi tilbyr kommunane å delta i ei kommunekartlegging retta mot barn og unge. Føremålet med kartlegginga er å avklare status og utfordringar knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunen, samt prioritere aktuelle tiltak for vidare planlegging og utvikling. Vi understrekar at *Kommunekartlegginga* ikkje pålegg kommunane nye oppgåver eller plikter.**

*Kommunekartlegginga* er i hovudsak meint som ei hjelpe for kommunane til å vurdere både omfanget av og kvaliteten på allereie eksisterande tilbod og tenester til barn og unge. Nytteverdien for den enkelte kommune står såleis sentralt. På bakgrunn av vurderingar og analysar kan kommunane finne forbetringspunkt og setje i gang tiltak der det er nødvendig, samt innføre tiltak som sikrar at krava i FNs Barnekonvensjon blir oppfylt.

Barnekonvensjonen vart vedteken av FNs generalforsamling 20.11.1989. Norge ratifiserte Barnekonvensjonen i 1993 og den er derfor førande for kommunal verksemd. Kommunane må sørge for at rettar som må løysast i fellesskap mellom ulike kommunale tenester til barna sitt beste, blir organiserte slik at samarbeidet fungerer i praksis.

Kartlegginga er etter modell frå Fylkesmannen i Troms sitt prosjekt *Sjumilssteget*, og er gjennomført i fleire fylke. Sentralt i dette arbeidet har vore vurderingar av oppvekstvilkåra for barn og unge i lys av FNs Barnekonvensjon. Ei slik kartlegging er meint som eit hjelpemiddel til analyse og kontroll av evne og vilje i kommunen til å arbeide til det beste for barna i tråd med sentrale artiklar i Barnekonvensjonen. For meir om Sjumilssteget; sjå <http://www.sjumilssteget.no/>

Fylkesmannen si satsing *Betre oppvekst* er konkretisert gjennom fire strategimål. I tillegg til barnekonvensjonen er det tatt utgangspunkt i Fylkesmannen sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringar frå fleire departement. Dei fire strategimåla omfattar arbeid for å

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

I *Kommunekartlegginga* blir det, med referanse til Barnekonvensjonen og dei fire strategimåla, utarbeidd spørsmål som nyttast til å analysere levekår og tenestetilbodet i kommunen. Denne kan kommunen bruke til å vurdere kvaliteten på dei samla oppvekstkåra og til å vurdere samarbeidet mellom dei ulike tenestene som gir tilbod til barn, unge og familiene deira.

Kommunane vil få oversendt eit ferdig opplegg for *Kommunekartlegginga* i løpet av april, saman med meir utfyllande informasjon om innhald, organisering og framdriftsplan. Fylkesmannen og fylkeskommunen vil i fellesskap ta ansvar for samanstilling og analyse av resultata for kvar kommune. Sett frå vår ståstad er det såleis viktig at *Kommunekartlegginga* omfattar alle 36 kommunane i fylket.

**Vi ber rådmannen om å utnemne ein kontaktperson som kan koordinere kartleggingsarbeidet i kommunen. Det er viktig at personen har mandat og mynde til å arbeide på tvers av alle sektorar. Vi ber om ei tilbakemelding med namn og e-postadresse innan 15.april 2015.**

**Tilbakemelding skal sendast til Anne Mette Nerbøberg.**

**[anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no](mailto:anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no).**



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kontaktpersonar:

Johnny Loen, plansamordnar, Møre og Romsdal fylkeskommune tlf 71258288

Anne Mette Nerbøberg, seniorrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal tlf 71258528

Med helsing

Lodve Solholm

Fylkesmann i Møre og Romsdal

Ottar Brage Guttelvik

Fylkesrådmann i Møre og Romsdal

Kopi:

Folkehelsekoordinator

Representant for barn og unge

Ungdomsrådet

KS